

## Gnist – frå anti-imperialisme til pro-imperialisme

Nylig ga Raudt sitt teoretiske tidsskrift Gnist ut eit 50-års jubileumshefte, der eit utval av gamle artiklar har blitt prenta opp igjen. Eg er ein av dei artikkelforfattarane som har fått prenta opp ein artikkel. I innleiinga til heftet står det å lese: *"Mange av dei som har lese og skrive i tidsskriftet gjennom 50 år, har blitt politisk engasjerte av kampen mot USA-imperialismen sine åtak i Sørøst-Asia og Sovjet-imperialismen sine åtak blant anna i Afghanistan. I dag betyr det blant annet støtte til kurdarane og palestinarane sin kamp – og akkurat nå støtte til Ukraina sin kamp mot Russlands angrep."*

NEI, det betyr det virkelig ikkje. Her er vi som har følgt og skrive i tidsskriftet gjennom mange år blir tatt til inntekt for Ukraina sin krig i dag.

Eg hører til dei mange som blei engasjert av kampen mot USA-imperialismen i Vietnam. Eg støtta også kravet om at først Sovjet og så USA måtte trekke seg ut av Afghanistan og eg støttar kudarane og palestinarane. Men Ukraina er ingen parallell. Eg støttar sjølvsagt ikkje den russiske invasjonen, men det betyr ikkje å gå god for det minst halvfascistiske regimet som USA har sett inn og held oppe i Ukraina i kampen mot deira eigne språklige minoritetar, i rehabiliteringa av nazikollaboratørar og masse mordarar, i undertrykkinga av eigen opposisjon og i at Ukraina skal bli ein framskoten NATO-base for å knuse Russland. Som antiimperialist gjennom lengre tid enn tidsskriftet har kome ut, og som forfattar av ein handfull artiklar i det, kjenner eg meg her totalt misbrukt. Når no Gnist-redaksjonen snur sin gamle anti-imperialisme på hovudet for å støtte USA-imperialismen i Ukraina, må eg bare beklage at eg ikkje såg dette komme da eg ga løyve til prenting av artikkelen min. Det blir nok ikkje fleire.

Svein Lund